



**Helse Sunnmøre HF har ansvaret for den offentlege spesialist-helsetenesta på Sunnmøre.**

Hovudoppgåvene til Helse Sunnmøre er pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande.

Vår visjon er å vere "På lag med deg for helsa di."

Dei grunnleggjande verdiane for Helse Sunnmøre er:

- tryggleik
- respekt
- kvalitet

[www.helse-sunnmore.no](http://www.helse-sunnmore.no)



**Omsorg, kunnskap  
og high-tech**



Det er mykje teamarbeid i helseføretaket. Det fine med teamarbeid er at ein gjer kvarandre gode.

## Vil du verte ein del av dette teamet?

Den viktigaste føresetnaden for å utdanne deg for ein jobb i helseføretaket er at du bryr deg om menneske. Alt vi driv med her handlar nemleg om å gjere det som er best for sjuke menneske. Det kan vere å gjere dei friske, lære dei å leve med ein sjukdom, lindre smerte eller gjere det beste ut av den siste levetida.

Du lærer å stole på deg sjølv og du får jobbe saman med andre i team der alle får bidra med kunnskapen sin. Og så får du nytte verkeleg avansert teknologi.

Store menneskelege og teknologiske ressursar står til rådvelde i arbeidet vårt. Vi trur ikkje du finn meir utviklande og engasjerande arbeid nokon annan stad.



Fjorlar, fjell og øyar gjer helikopteret heilt naudsynt på Sunnmøre. I tillegg til flygarane er ein lege, ein sjukepleiar og ein redningsmann alltid med på utrykking.

## Valfridom og spesialisering

I helseføretaket får du utvikle deg heile livet. Få andre arbeidsplassar gjev betre høve til spesialisering og vidareutdanning. Vi har gode ordningar for deg som vil vidareutdanne deg.

**Her er nokre av dei jobbane som skal til for at helseføretaket skal fungere:**

- Lege
- Sjukepleiar
- Hjelpepleiar
- Ambulansepersonell
- Helsesekretær
- Fysioterapeut
- Ergoterapeut
- Audiopedagog
- Psykolog
- Miljøarbeidar
- Bioingeniør
- Radiograf
- Stråleterapeut
- Fysikar
- Prest
- Statsvitar
- IT-personell
- Personalkonsulent
- Fagfolk innan kommunikasjon
- Økonom
- Førskulelærer
- Snikkar
- Elektrikar
- Bygningsingeniør
- Kokk



Å arbeide i helseføretaket er å gjere ein jobb med meining, samstundes som du tryggjer di eiga framtid.

## Ein trygg jobb i ei utrygg tid

Nye livsstilsjukdomar kjem til og levetida for nordmenn aukar. Det gjer at helseføretaket stadig får meir å gjere. I tillegg gjer auka kompetanse og betre teknologi at vi kan kurere fleire og fleire sjukdomar.

Å satse på helsevesenet er å satse på ein trygg jobb. Det er ikkje dumt når du etter kvart skal finansiere utdanning, bil, bustad og kanskje familie.

Du skal òg vite at den offentlege helsetenesta har ordna arbeidstilhøve på alle område. Du slepp å lure på kva du har krav på av fritid og permisjonar, og du sit att med ein god pensjon den dagen du skal ut av arbeidslivet.